



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor Teknikk og Miljø

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	918 99 796	2025/9241-34		16.09.2025

Søknad om frådeling - kommunal bustadtomt - T3 - Byggefelt Haukås - del av 172/26 - Varaldsøy

Kvinnherad kommune har inngått avtale om sal av del av 172/26, kommunal bustadtomt, T3 i byggefelt Haukås på Varaldsøy.

Med bakgrunn i dette vert det søkt om frådeling av tomta, sjå vedlagt kartskisse. Omsøkt tomt har nr 3 i salskartet frå 1981, sjå vedlegg.

Tilbakemelding frå planavdelinga seier følgjande:

«I høyringsutkast – Arealdelen – Kvinnherad 2050, så ser i vedlegg 2 – LS -kvoter at Varaldsøy-nærsenter kvoter pr 01.04.2023 har 8 bygg på nye einingar. Eg har sjekka i elements på grunneigedommane i områda som er felles; Vågsvikane, Midtstølen, Våge Øvre, Haukanes, Skjelnes og Trå.

Det ser ikkje ut som om det er gjeve nokre delingsløyver eller byggeløyver etter 02.12.2021, slik at då kan ein gå ut frå at statusen er uendra.

Det er såleis framleis kvote på 5 til frådeling av nye einingar fordelt på desse områda samla.»

Med bakgrunn i dette så vert det ikkje søkt om dispensasjon for frådeling av tomt.

Vestland fylkeskommune har gitt dispensasjon frå byggegrense mot fv 5114 – gnr. 172 bnr. 26 for å oppføre bustadhus på tomta.

Kvinnherad kommune ber om at faktura for kostnad for frådeling og oppmålingsforretning vert merka P4050.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Grethe Sandvik
Rådgjevar
Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.